



Juleplanleggjinga i gang i Martabu. Frå venstre sit Anita F. Myklebust, Monica Storevik, Jorunn G. Myklebust og Gunn Mari Moberg

Martabu på Sanden som i gamle dagar var butikk og som vart gjenopna sist sommar skal bli julebu i 7 laurdagar fortel Gunn Mari Moberg. Ho har teke initiativet til dette nye tilbodet i bygda saman med Aktivitetshusets Damevenner. 5. november er den første og 17. desember den siste opningsdagen og i bua skal dei selja heimeproduserte varer på kommisjonsbasis.

Det tyder at 20 prosent går til Aktivitetshuset medan produsentane sjølve får resten. Heilt konkret går inntekta til ein hjartestartar i første omgang og den kostar 15 000-20 000 kroner,

Dei heimeproderte varene kan vera så mangt. Det kan vera strikka, sauma eller hekla ting, det kan vera presangar eller juletrepynt, eller det kan sjølvsagt vera bakverk eller anna som smakar godt.

- Vi gjer dette for at det skal skje noko triveleg i bygda fram til jul, seier Gunn Mari under ei lita planleggjing saman med dei gode hjelparane sine. Ho slår fast at det er gledeleg mange som lagar noko i bygda og som no får eit sjeldant høve til å utfalda seg.

Dei blir oppmoda om å vera positive når ho ringar - eller når dei ringar henne og melder seg som produsentar. Det bør dei gjera snarast.



Brusen og pepparkakene er klare

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Nissen ventar på gjester...